

Rettleiing og tilsyn ved barnehagen

Heradet har ansvar for å rettleie barnehagane, jfr barnehagelova med forskrifter.

Heradet skal føre tilsyn med alle barnehagane i heradet, både private og kommunale. Tilsyn vert ført om kvalitet og innhald i barnehagane.

Til dømes:

- krav til norskferdigheiter og kompetanse hjå personalet
- krav til politiattest og internkontroll
- at barnehagen føl reglane kring bornas psykososiale barnehagemiljø og ikkje godtek utestenging og mobbing
- at borna sin rett til medverknad vert ivareteken

Dersom det vert oppdaga uforsvarlege eller ulovlege tilhøve i tilsynet har heradet mynde til å fatte følgjande vedtak

- pålegg om retting innan ei fastsett frist
- stenge barnehagen ein periode dersom pålegg om retting ikkje vert overhalde
- vedta at barnehagen skal stengast

Eit tilsyn med barnehagane kan være varsla eller umeld, og det kan bli gjennomført som dokumenttilsyn eller statleg tilsyn. Barnehagane skal også sende inn ei årleg rapportering til kommunen.

Tilsyn kan være på grunnlag av ein tilsynsplan, etter ei årleg risikovurdering av barnehagane i kommunen, eller på grunnlag av hendingar eller mottekne bekymringsmeldingar.

- [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)
- [Kommunens dobbeltrolle som barnehageeier og barnehagemyndighet | udir.no](#)
- [Fremme et trygt og godt barnehagemiljø og forbygge mistriksel og krenkelser | udir.no](#)